



Kaupanger 21.04.21

Referat frå møte i Kaupanger Sokneråd

Møtedato: **Måndag 19.04.2021**
Møtetid: **Kl. 1800 – 1930**
Møtestad: **Gamleskulen på Kaupanger**

Desse møtte: 1) Einar Skeie, leiar 2) Rasmus Stokke, skrivar 3) May Kristel Bødal, nestleiar 4) Margunn Lomheim, medlem 5) Marie Bukholm, medlem, 1. vara) Inger Johanne Talle. Kathrine Valle, sokneprest, og Terje Hauståker hadde fråfall.

Opning:

Velkomen og gjennomgang av saklista v/Einar

Saker:

Sak 16/21 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 02.03.21.

Godkjent

Sak 17/21 Gudstenesteplan og møteplan for SR frå 01. mai og ut juni 2021.

2/5: Kveldsgudsteneste
4/5: Vårdugnad på kyrkjegarden
13/5: Dåpsgudstenester
17/5: Gudsteneste kl.1045. Kan bli utandørs
24/5: Kan bli ekstra gudsteneste grunna avlysingar, ute eller inne
8/6: Soknerådsmøte kl. 1900
13/6: Gudsteneste. 50 og 51 års konfirantar deltek

Sjå vedlagt gudstenesteplan

Sak 18/21 Resultat og evaluering av Fasteaksjonen i år utan konfirantar som deltok

Involvering av konfirmantane måtte avlysast grunna corona-utbrotet, og soknerådsmedlemene delte ut informasjonslappane i postkassane. Utdelinga var greit organisert. Det kom inn kr. 11092,- på Vipps frå Kaupanger, som er meir enn i fjor.

Sak 19/21 Dugnad på kyrkjegarden tysdag 4. mai frå kl.17.30. Plakatar opp på Bedehuset, kyrkja, Vestrheim, Olstad-krysset, Europris og COOP EXTRA. Einar skriv ut plakatar og tek med i A4 format. Skal me by på ein kaffitår, saft og noko enkelt å bita i også?

Det er eit mål å få med fleire på dugnaden enn i fjor. Einar sender e-post med plakat til Kyrkjekontoret om å legge ut melding på kyrkja si facebook- side. May Kristel, Marie og Einar set opp plakatar. Einar kontaktar Erik Asbjørn Thue om å stille med bil og tilhengar. På dagen tek Margunn, Einar og Inger Johanne med kaffi. Einar har kjeks og papirbeger. Alle stiller med rive og hanskar.

**Sak 20/21 Status på søknad om å montera hjortegjerde, og om det er noko nytt om
Riksantikvaren kjem på synfaring snart. Oppstart på renovering av kyrkjegardshus og
bygging av ny kyrkjestove må etter kvart koma i gang?**

May Kristel orienterte om situasjonen når det gjeld hjortegjerde. Ein ser på situasjonen som kritisk. Den 8/4 var det fellesmøte mellom vernestyresmaktene om saka. Det blei gitt opning for å kunne gå vidare med å få til ei løysing med gjerde. Dei vil at ein startar med å hyre inn arkitekt for å forme ut gjerdet. Ein kan søkje riksantikvaren om støtte.

Når det gjeld kyrkjegardshus og kyrkjestove har det ikkje skjedd noko nytt. Ein ventar framleis på synfaring frå riksantikvaren.

Sak 21/21 Orienteringssaker:

- a) Dato for konfirmasjon er utsett til laurdag 21. august i Stedje kyrkje for alle kl.10.00 og 12.30.
- b) Plakatvandring på kyrkjegarden vart montert på palmelaurdag og blir ståande til 2.pinsedag (24.mai). Ser ut til å vere i bruk på ein god måte.
- c) Oppdatering av lista for utdeling av blomster til jubilarantar:
 - 30/6: Aud Sigrun Hjelldaug, 85 år. *Terje*
 - 29/10: Borgny Olstad, 85 år: *Rasmus*
 - 5/11: Norvald Hjelldaug, 85 år: *Terje*
 - 12/11: Åse Marie Hegland, 80 år: *Inger Johanne*
 - 18/12: Tor Eikemo, 80 år: *Einar*
- d) Gruppleiarsamling 20/4, med oppfølging av handlingsplan for friviljuge og erfaringar med rutineskilddringane. *Einar møter*.

For Kaupanger Sokneråd

Rasmus Stokke, skrivar

Einar Skeie, leiar